



Kommunane i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Greta I. Hanset, 71 25 85 47

## Invitasjon til møte om Kompetanseløftet 2020

**Tid: 22. januar 2020**

**Stad: Scandic Alexandra, Molde**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterer kommunane til det årlege møte om Kompetanseløftet 2020.

Alle ynskjer ei fagleg sterk kommunal helse- og omsorgsteneste med dyktige tilsette som kan gi god helsehjelp og omsorg. Kompetanseløft 2020 er regjeringa sin plan for å sikre at kommunane har god kompetanse, rekruttering og fagutvikling.

Vi går no inn i det siste året i satsinga om Kompetanseløftet 2020 , men Kompetanseløftet blir vidareført i ei aller anna form.

Kompetanse- og innovasjonstilskotet skal gje kommunane rom til å setje i verk kompetansehevande tiltak og nybrots- og utviklingsarbeid ut i frå lokale føresetnader og behov. Vi vil som tidlegare år invitere kommunane til møte om Kompetanseløftet 2020. Vi ser dette som ein viktig møtearena for Fylkesmannen, kommunar, utviklingsenter og utdannings-institusjonar.

I møtet den 22.januar vil vi ha stort fokus på heiltidskultur. Heiltidskultur er viktig for kvalitet og pasientsikkerheit, for å sikre tilstrekkeleg, kompetent og stabil arbeidskraft framover.

Derfor vil vi i tillegg til kontaktpersonen invitere leiarar då god leiing er ein føresetnad for tenester av god kvalitet.

Fylkesmannen vil informere om status på kompetanse i Møre og Romsdal, samt søkeradsprosess og rapportering for Kompetanse- og innovasjonstilskotet.

Utdanningsinstitusjonane vil bli invitert inn for å fortelje om nye tilbod innan helse og omsorg, og korleis dei sikrar at utdanningane er tilpassa behova i tenestene.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har oppnemnt ein kontaktperson for Kompetanseløftet 2020. Dette er praktisk av omsyn til søkeradsprosedyre og koordinering av opplæringstiltak i kommunen.



Vi ber om at kommunen gir melding dersom det er gjort endringar når det gjeld kontaktperson, slik at vår liste blir oppdatert og kommunen ikkje går glipp av viktig informasjon. Som samarbeidspart ser vi det som viktig å ha god dialog med kommunane og spesielt dei som er oppnemnt til kontaktpersonar.

**Vi inviterer difor kontaktpersonen og leiatarar til møte den 22. januar 2020. Maks 5 personar frå kvar kommune.**

Registrering er frå 09.00 til 09.30. Møtet vil vare frå kl. 09.30 til 15.30 og det blir servert lunsj.

**Påmelding innan: 9.januar 2020 på [nettsida til Fylkesmannen](#)**

Med helsing

Kjersti Bakken (e.f.)  
Ass.direktør

Greta I. Hanset

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*